

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### III. INNSKRIFTER MED *fupork*

[814] N-17931. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: 11; Knirk 1994b: 188; Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 348 ff.)

Innskriftene står på eit runekjevle med firkanta tverrsnitt, 24 x 18 mm i eine enden, 18 x 14 mm i den andre. Det er 155 mm langt. Gjenstanden vart funnen i 1974, felt FA, i hovudfase 8/9, som arkeologisk dekkjer tidsrommet mellom ca. 1175 og 1275. Det er runer på tre sider av kjevlet. Innskrifta på side a er 114 mm lang og runene 14-16 mm høge. Side b1 og b2 er rissa frå kvar sin kant. Innskrifta på side b1 er 29 mm lang og runene frå 20 til 22 mm høge. På side b2 synest lengda å vera ca. 45 mm. R 1 er 12 mm høg og dei bevarte restane av det følgjande er ca. 6 mm. På side c er innskrifta 43 mm lang og runene 13-15 mm høge. Runene på side b og c er dobbeltskorne. På den fjerde sida finst det ein del strekar som helst må sjåast som tilfelleleg krot, men også ein sekvens som har runeform: **l i l**. Det er mest sannsynleg også tilfelleleg, og rissa på den sida er såleis ikkje rekna med som runeinnskrift her.

R. 5, **r**, på side a har ei open avrunda form som vi elles i trondheimsmaterialet berre finn i innskrift N847 nedanfor (**lutr**) og i N806 ovanfor. Kvisten på r. 6 er rissa to gonger, og r. 8 har (truleg) kvisten *opp* til høgre på plassen for **n** i *fupork*-en. Teiknet er noko svakt rissa, så det kan vera ein viss tvil om lese måten her. Staven på r. 12, **t**, fell saman med ein sprekk i treet. Bogane på r. 13, **b**, ser ut til å ha tangert staven både i overkant og nedkant, men gjenstanden er litt skadd, så det visest ikkje lenger tydeleg om så er tilfelle. Siste rune i *fupork*-en er berre bevart som svake restar av ein stav, gjennom stereolupe kan også bae kvistane av **y** lesast. I samanhengen må vi difor kunna lesa desse restane som sikre spor av **y**. *Fupork*-en har såleis vore rissa inn i fullstendig 16-teikns form. På side b er det eit trepunkts ordskiljemerke mellom r. 2 og r.3 i b1. I b2 er berre første rune sikker og må vera **g**. Staven er synleg i brotkanten av kjevlet og det er tydeleg punktering. Elles er toppen bevart av det som synest å ha vore 5 runer. Toppen av r. 2 er borte, men har to riss i posisjon som skulle tilseia øvre delen av ein **u**. R. 3 har rest av øvre delen av stav og øvre delen av boge som går inn mot toppen av staven. Det kan vera at vi har med restane av **p** å gjera. I så fall må bogen ha dekkja heile staven, slik vi har ein del døme på elles. Mellom r. 3 og 4 er dei to øvste punkta i eit ordskiljemerke bevarte. R. 4 har restane av stav og open boge med toppen borte, men med krappare

